



Helse Bergen HF  
Att. Ingvild Sunde  
Personal- og organisasjonsavdelingen  
Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus  
5021 Bergen

Vår ref: (oppgje ved kontakt)  
2018/1621

Dykkar ref.: 2018/5601

Saksbeh.: Anne Kristin Kleiven,  
tlf: 57839892

FØRDE,  
06. juli 2018

## Utviklingsplan for Helse Bergen - høyringsinnspel

Viser til dykkar høyringsbrev, datert 23.05.2018.

### Generelt:

Utviklingsplanen gir eit godt innblikk i den store og komplekse verksemda, utfordringane ein ser og korleis føretaket vil arbeide for å møte desse. Planen er oversiktleg og inneheld gode analysar og vurderingar, og konkrete tiltaksområde.

Framtidsplanane for Helse Bergen og Haukeland universitetssjukehus med region/universitetssjukehus, høgspesialiserte tenester og traumesenter, er særleg viktig for Helse Førde. Mange pasientar frå Helse Førde har delar av eller heile pasientforløpet sitt i Helse Bergen. Desse pasientgruppene er avhengige av at samarbeidet fungerer godt.


### Ansvar for befolkninga:

I kapittel 4.1 blir det gjort rede for befolkningsutviklinga i nedslagsområdet til Helse Bergen. Vi føreset at dette inkluderer Gulen kommune, som etter avtale med Helse Førde får sine tenester frå Helse Bergen og Haraldsplass diakonale sjukehus. Det er også avtale om fødetenester med Voss sjukehus for kommunar i indre Sogn. Helse Førde får også ei rekke andre tenester frå Helse Bergen.

### Regionale oppgåver:

Helse Førde og innbyggjarane i Sogn og Fjordane er avhengige av eit godt fungerande regionsjukehus, slik dette står skildra:

*«Som eit av fire regionssjukehus har vi ei spesiell posisjon innanfor både pasientbehandling, utdanning og forskning og innovasjon. Vi skal vere ein pådrivar for desse oppgåvene i regionen..»*  
Under regionale oppgåver vert følgjande nemnde: *«kreftkirurgi og traumesenter, regional vurderingseining innan rehabiliteringsområdet faglege nettverk, og eit utstrakt samarbeid når det gjeld utdanning av helsepersonell, blant anna for spesialistutdanning av legar og utdanning av spesielsjukepleiarar.»*



Ettersom regionfunksjonen inneber at Haukeland universitetssjukehus har deloppgåver for befolkninga utanfor Helse Bergen sitt nedslagsområde, har befolknings- og epidemiologisk utvikling i Helse Førde (og elles i Helse Vest) relevans for Helse Bergen si planlegging.

Planen inneheld også tankar om vidare sentralisering av oppgåver:

*«Den spissa regionsjukehusrolla vil få innverknad på samhandlinga og oppgåvedelinga mellom sjukehusa på Vestlandet. Den medisinske og teknologiske utviklinga tvingar fram ei sentralisering av teknologitunge og høgspesialiserte behandlingar til regionsjukehuset, dette gjeld for eksempel intervensjonsbehandlingar og avansert kreftkirurgi.» (Kap 5.4 side 33)*

Helse Førde er samde i at Helse Bergen må planlegge for ei slik utvikling. Men samstundes kan det vere andre scenarier for utviklinga innan nokre område. Sentralisering kan også føre til at oppgåver blir overført frå region- til nasjonale internasjonale sentra, og ny medisin/teknologi kan også gjere det mogleg å utføre tenester meir desentralisert.

Helse Førde vil bidra til vidareutvikling av det gode samarbeidet ein har i dag, og ønskjer å delta i diskusjonar om eventuelle endringar i funksjons- og oppgåvefordeling. Gode prosessar for å utarbeide omforente avtalar og gode overleveringar er viktig for å sikre at pasientar blir godt ivareteke gjennom endringar.

#### **Samarbeid på tvers av sjukehus:**

Planen syner til *«Sjukehus i team» et eit omgrep frå Nasjonal helse- og sjukehusplan og som beskriv denne måten å samarbeide på.»* (Kap 5.4 side 33), *«..samtidig må regionsjukehuset overføre meir alminnelege behandlingar til andre sjukehus,»* og at det har *«vore ei bevisst satsing på oppgåvedeling og samhandling internt for å sikre aktiviteten for Voss sjukehus som akuttsjukehus.»*

På dette området kan gjensidig utveksling og læring vere nyttig og naudsynt, ettersom Helse Førde også har to mindre lokalsjukehus som skal vere del av sjukehus i nettverk, og ved at Helse Førde er del av nettverket med Haukeland universitetssjukehus spesielt.

På side 39 står det om vurdering av sengebehovet i Avdeling for Rusmedisin:

*«vidare utvikling av behandlingstilbodet i føretaksområdet inneber målretta bruk av døgnopphald i polikliniske forløp. Ein suksessfaktor vil vere rask tilgang til ulike typar døgnbehandling (ØH /akutt, subakutt/stabilisering, utredning og ordinær behandling).»*

Helse Førde får i dag gjestepasientar frå Helse Bergen for rusbehandling ved ruseininga på Tronvik. Vi kan ta imot fleire pasientar til behandling ved Tronvik, og ønskjer eit samarbeid med Helse Bergen med sikte på å utvide samarbeidet.

#### **Utdanning og forskning**

Helse Førde er særleg avhengig av eit utdanningssamarbeid med Haukeland universitetssjukehus om legar i spesialisering (især LIS 3), ettersom legane får naudsynt praksis ved HUS. Det er etablert eit



regionalt utdanningscenter i Helse Vest (RegUt), som koordinerer arbeidet med nye utdanningsplanar for legar i spesialisering (LIS 2 og 3). Dette blir eit særskilt viktig arbeid i åra framover – for å sikre rett legekompentanse. Helse Førde vil sjå på moglegheitene for at LIS-legane skal få gjennomført mest mogleg at si utdanning innan eige føretak. I denne vurderinga skal det takast omsyn til i kva grad ein kvalitativt kan oppnå dei nye læringsmåla i eige føretak. Innan alle spesialitetane skal det vere avklart kva tenestetid som uansett trengs på regionsjukehus når ordninga med ny LIS 2/3 -utdanning vert iverksett 01.03.2019.

Helse Bergen er ein viktig samarbeidspart innan forskning med dykkar tyngde, erfaring og infrastruktur. Helse Førde søker råd, får rettleiing til forskarar hos oss og vi samarbeider om søknadar. Truleg har vi potensiale for endå tettare samarbeid på dette området.

### **Prehospitale tenester**

Dette området skal innarbeidast etter høyringsrunden på delplan prehospitale tenester. Vi har tidlegare fått utkast på høyring. Helse Førde arbeider også med plan for prehospitale tenester, og har nyleg ferdigstilt kartleggingsrapport. Hausten 2018 skal føretaket gå i gang med fase to for å planlegge framtidige tenester.

Det er stor aktivitet når det gjeld å frakte pasientar mellom Helse Førde sine lokasjonar og Helse Bergen, både i akutte situasjonar og planlagde transportar for undersøkjing og behandling. Helse Førde har kartlagd desse pasientstraumane.

Ein generell merknad er at ein innan dette området (også) må tilstrebe likeverdige tenester og å unngå unødig variasjon når det gjeld til dømes kompetanse og utstyr. Planlegging på dette området bør inkludere scenarier knytt til endra oppgåvefordeling som følgje av teknologiutvikling og moglegheiter for å desentralisere tenester – også i aukande grad til pasienten sin heim. Ein bør sjå på dei prehospitale tenestene som del av ei heilskapleg kjede, og korleis alle delane kan bli påverka ved endring ein stad.

Til slutt vil vi formidle at det har vore gjevande å samarbeide med Helse Bergen og dei andre føretaka i Helse Vest om prosessen med utarbeiding av utviklingsplanane. Planane i seg sjølv, men ikkje minst utveksling av framgangsmåte i planlegginga har gitt verdfullt innsyn i kvarandre sitt arbeid.

Med venleg helsing

  
Arve Vården

Administrerende direktør  
Helse Førde HF



Anne Kristin Kleiven  
Utviklingsdirektør  
Helse Førde HF



Helse Førde HF  
Administrasjon

Besøksadresse:  
Naustdalsvegen 5  
6800 FØRDE

Postadresse:  
Postboks 1000  
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

[post@helse-forde.no](mailto:post@helse-forde.no)

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

Org.nr: 983 974 732